

**Ole Klingsheim**  
andrekandidat

**Gro Skartveit**  
ordførerkandidat

## Folk først i Finnøy.

«Menneske er viktigare enn system.  
Venstre prioriterer folk først.»

- Gro Skartveit, Venstre sin ordførarkandidat

**VENSTRE**  
Folk først.



**Finnøy kan få  
verdas mest levande  
og inkluderande  
lokalsamfunn...**



## **...dersom me tek vare på det frivillige**

Lokale lag og foreiningar spelar ei sær s viktig rolle på øyane våre. Dei driv fram nye idear og løysingar, og er bærebjelken i kommunen vår. Finnøy Venstre vil auke støtta til frivillig arbeid.

Vegen framover for Finnøy

# Finnøy skal ha eit godt tenestetilbod.

Finnøy er ein fantastisk kommune på mange måtar. Me har eit mangfald av folk, mange sjølvstendige næringsdrivande og eit rikt organisasjonsliv. Me har øyar, skjergard og ein natur du skal leita lenge etter.

Dei viktigaste ressursane våre er folka som bur i Finnøy kommune. Me i Venstre vil spela på lag med alle som bur i kommunen, uansett kven du er eller kva du står for.

Me set fokus på fire hovudområder som grunnpilarar for vidare utvikling og betring av tenestetilbodet i Finnøy.

## Utbygging av sjukeheimen

Venstre vil med det same starte prosessen med utbygging av sjukeheimen på Judaberg med byggjestart seinast i 2017. Venstre vil sikre at våre eldre, også i framtida og uavhengig av kommunereform, skal få plass på sjukeheim i Finnøy.

## Samferdsel

Venstre vil jobbe aktivt for at hurtigbåt-/ferje tilbodet vert minst like godt som i dag – Me vil jobbe for realisering Øyfast og at det vert fortgang på sykkelstien Judaberg-Reilstad.



**Gro Skartveit**  
ordførerkandidat

## Nye arbeidsplassar

Venstre vil aktivt jobbe for arbeidsplassar der folk bur, óg på dei ikkje-landfaste øyane. Både eksisterande og nye, primærnæring og andre. Me vil aktivt arbeide for å få virksomheter til å etablera seg i Finnøy.

## Påverke sentale myndigheter

Venstre vil fortsetje å påverke sentrale myndigheter i saker som er viktige for kommunen vår.

Du kan lese Finnøy Venstre sitt program i sin heilskap på: [www.venstre.no/finnoy](http://www.venstre.no/finnoy)

For Venstre er det viktigaste:  
**Folk først i Finnøy!**

## Næring og verdiskaping

# Venstre vil gjere det lettare å skapa nye arbeidsplassar.

Finnøy har høg næringsaktivitet med mange verksemder. Venstre vil fortsetja å styrka både landbruks- og havbruksnæringane. Det er svært viktig å ha eit levande næringsliv på alle øyane. Venstre vil at ein støttar opp under etablerarar, innovasjon og nyskaping i heile kommunen.

Politikarane si rolle er å vera aktive pådrivarar i å leggja til rette for næringsutvikling i heile kommunen. Leggja til rette for å styrka eksisterande næringar og gjera det attraktivt for nye etableringar.

Det er viktig å leggja til rette for at folk kan bu og arbeide i kommunen, arbeidsplassar i nærleiken av der folk bur.

Me vil byggje vidare på dei allereie eksisterande ressursane – personar, selskap, anlegg og aktivitetar – primærnæringane, turisme, entreprenørar og kunnskapsarbeidsplassar.



## Skule og oppvekst

# Venstre vil gjere det trygt og godt å veksa opp for alle born.

**Det å sikra ein trygg og god oppvekst for alle born er ein av dei viktigaste oppgåvene me som fellesskap har.**

Ein god oppvekst varer livet ut. Venstre vil at alle born i Finnøy skal ha ein trygg og god oppvekst.

Helsesøster gjer eit svært viktig arbeid, mellom anna på det førebyggjande planet. Ressursane i Finnøy er mykje lågare enn i mange andre kommunar. Venstre vil difor auka ressursane til helsesøster.

### Venstre vil:

- ✓ ha to barnehageopptak i året
- ✓ auka ressursane til helsesøster
- ✓ ha fokus på inkludering av born frå andre kulturar
- ✓ ha gode og fleksible ordningar for kompetanseheving og for å rekruttera og behalde lærarar
- ✓ etablera alternative opplæringsarenaer for dei som dagens undervisningsform ikkje passer for
- ✓ bevare skulestrukturen slik den er i dag så lenge det er pedagogisk forsvarleg

Venstre vil ha to barnehageopptak i året.



# Venstre vil starta utbygging av sjukeheimen med det same.

Venstre meiner oppvekst og levekår skal ha større fokus hjå politikarane enn kva som er tilfelle i dag. Finnøy kommune har ikkje eige politisk utval som har fokus på desse sakene. Dette vil Venstre endre på. Me vil opprette eit eige utval for oppvekst og levekår slik at desse tenestetilboda får større merksemd enn kva som no er tilfelle.

### Venstre vil:

- ✓ at utbygging av sjukeheimen må starte med det same
- ✓ ha auka fokus på rus/psykiatri
- ✓ starte prosessen med å ta i bruk ny velferdsteknologi
- ✓ ha dialog med pårørande
- ✓ bevare tilbudet på Arak
- ✓ prioritere frisklivssentral og frivilligsentral



# Betre kommune

## Venstre vil gjera Finnøy til ein endå betre kommune.

Tilrettelegging for bustadbygging og byggjeklare tomter må prioriterast i alle delar av kommunen i komande periode.

**Bustadbygging** krev ein differensiert politikk etter kor i kommunen det gjeld. På øyane som ikkje er landfaste skal me ha ei meir liberal holdning enn på Finnøy og Talgje.

Venstre meiner **grenda-og vekstlaga** i kommunen bør styrkast, både som høyringsinstans og som den utviklingskrafta desse laga representerar i deira lokalsamfunn.

**Organisasjonslivet** og det store spekteret av frivillige lag og organisasjonar, tilbod og tiltak er ei berebjelke i kommunen vår. Dette viktige arbeidet må styrkast og utviklast. Det er også viktig å ønska nye kulturtilbod velkomne for å kunna gje eit bredt tilbod til innbyggjarar som det i vår kommune blir fleire av.

**Påverke sentrale myndigheiter**  
Svært mange av vedtaka som vert gjort av regionale og sentrale myndigheiter påverkar ulike forhold i Finnøy. Venstre vil halde fram med å påverka desse myndighetene.

## Framtidig kommunestruktur

I juni 2016 skal kommunestyret gjere vedtak om framtidig kommunestruktur.

### I denne prosessen vil Venstre leggja vekt på:

- ✓ at tenestetilboda vert bevart eller betra i høve til i dag
- ✓ at sjukeheimstilbodet og bustader til andre som har behov framleis vert på Judaberg
- ✓ at det vert eit servicekontor på Judaberg
- ✓ at busetnad på dei ikkje-landfaste øyane har høg prioritet
- ✓ at Finnøy sine spesielle ut-

fordringar når det gjeld geografi vert tekne omsyn til

- ✓ at lokal politisk styring vert sikra, til dømes gjennom grendalaga
- ✓ at eksisterande og nye næringar blir gitt rom for vekst og utvikling
- ✓ at båttilbodet vert bevart eller betra i høve til i dag
- ✓ at innbyggjarane vert involvert i prosessen

# Venstre sine kandidatar i Finnøy:



## 1. Gro Skartveit (f. 1965)

Gro har vore ordførar for Finnøy i sist periode og er utdanna sosionom. Gro har lang erfaring frå politikk og samfunnsliv. Ho har eit stort hjarte for Finnøy kommune og vil fortsetje med å setja viktige saker for Finnøy på dagsorden i vidare utvikling av Finnøy kommune. Gro bur på Halsnøy og er vår ordførarkandidat!



## 2. Ole Klingsheim (f. 1961)

Ole er ny i lokalpolitikken i Finnøy og har eit stort engasjement for det unike Finnøy. Han meiner det er viktig å ta vare på og vidareutvikle det særleine Finnøy har å by på, både når det gjeld næringsutvikling, lokal samfunnsutvikling, natur og kultur. Ole er sivilingeniør og jobbar til dagleg på Phillips Conoco i Stavanger. Han bur på Fogn og er vår *andre kandidat!*

- 3) **Bjarte Austbø** (1958), Bonde, Finnøy
- 4) **Eline Wolden Bersagel** (1963), Konsulent helse, Ombo
- 5) **Bjørn Bringeland** (1996), Ungdomskandidat, Skartveit
- 6) **Eldbjørg N. Daniels** (1943), Pensjonist, Finnøy
- 7) **Jan Sigve Eike** ( 1973), Driftsassistent, Skartveit
- 8) **Øystein Eike** ( 1956), Røkter, Skartveit
- 9) **Line Fugledal** (1996,) Ungdomskandidat, Finnøy
- 10) **Bjørn Egil Gard** ( 1955,) Elektrikar, Talgje
- 11) **Sveinung Handeland** ( 1965), Bonde/ Miljøterapeut, Finnøy
- 12) **Anita Mjølshes Helle** (1982) Sølvsmed, Finnøy
- 13) **Rasmus Hidle** (1934), Pensjonist, Nord-Hidle
- 14) **Marina Kobzeva Horve** (1977), Sjukepleiar, Finnøy
- 15) **Kjell Harald Lunde** (1958), Bonde, Finnøy
- 16) **Merethe Maberg** (1982), Lærar/Leiar Ottohuset, Skartveit
- 17) **Jan Asjen Mensink** (1957 ), Fysioterapeut, Finnøy
- 18) **Else Norheim** (1959), Lettmatros, Sjernarøy
- 19) **Heidi Skifjell** (1964), Leiar Ryfylke Næringshage, Skartveit
- 20) **Assylgul Zhumyrbayeva** ( 1977), Heimeværande, Finnøy
- 21) **Henry Ådland** (1964), Gartnar, Ombo
- 22) **Harald Wiig Bjørn-Nielsen** (1956), økologisk bonde/butikkdriver, Byre
- 23) **Mariann Nårstad Joa** (1977), Bussjåfør/ heimearbeidande, Sjernarøy
- 24) **Audhild Ferstad** (1964), Rekneskapssjef, Finnøy

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på våre nettsider.

[venstre.no/finnoy](http://venstre.no/finnoy)

 [facebook.com/FinnoyVenstre](https://facebook.com/FinnoyVenstre)



**VENSTRE**